

## **PROTOKOLL**

### **FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE STAVANGER HF**

Onsdag 6. mai 2015 kl 16.10 blei det halde føretaksmøte per telefon i Helse Stavanger HF.

#### Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
4. Årleg melding
5. Godkjenning av godtgjersle til revisor
6. Fastsetting av styregodtgjering

Frå Helse Vest RHF møte: Terje Vareberg, styreleiar

Frå styret møte: Grethe Høiland, styreleiar

Frå administrasjonen møte: konstituert administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerande direktør Helse Vest RHF  
Ivar Eriksen, eigardirektør

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

### **Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Terje Vareberg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Grethe Høiland og Terje Vareberg blei valt til å underskrive protokollen.

Terje Vareberg overlet møteleiinga til Grethe Høiland.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

### **Sak 2 Dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

### **Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding**

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 43 andre ledd godkjenne årsrekneskap og årsmelding.

Styret i Helse Stavanger HF godkjente i styremøte 26.3.2015, sak 24-15 B, årsregnskap og årsmelding for 2014.

I tråd med føretaket sine vedtekter § 15, med tilvising til allmennaksjeloven § 6-16a, har styret utarbeidd ei erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjering til dagleg leiar og andre leiande tilsette. Erklæringa er tatt inn i note 5 til årsrekneskapen for Helse Stavanger HF.

Årsrekneskap og årsmelding for 2014 er vidare sendt føretaksmøte for endeleg godkjenning.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2014

#### **4. Årleg melding**

Føretaksmøtet skal etter vedtektene § 6 behandle årleg melding.

Helse Stavanger HF har utarbeidd årleg melding som blei behandla i styremøte 6. februar 2015 (sak 07/15).

I medhald av helseføretakslova § 34 skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet kvart år. Helseføretaka skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. I den årlege meldinga skal det rapporterast på alle krav i styringsdokumentet.

Årleg melding er ei viktig kjelde til kunnskap om utviklinga i helseføretaket og skal vere tydeleg forankra i styringsdokumentet. Utarbeidinga av årleg melding er ein god moglegheit til å drøfte verksemda i ein heilskapleg samanheng og til å etablere ein felles ståstad for framtidig utvikling.

Helse Vest RHF har gjennomgått den årlege meldinga frå helseføretaket og legg til grunn at både rapporteringa og plandelen er tilfredsstillande.

Helse Stavanger har levert ei årleg melding som viser at føretaket har nokre utfordringar både knytt til økonomi og kvalitet. Sjølv om utgangen av 2014 er krevjande, registrerar føretaksmøtet at det blir arbeidd systematisk og målretta for å betre resultat. For føretaksgruppa var 2014 eit år med gode resultat både når det gjeld kvalitet og økonomi, to viktige føresetnader for trygge og gode helsetenester på Vestlandet framover. Satsing på god dialog mellom pasient og sjukehus, betre organisering, pasienttryggleik og felles systembygging prega året. Bak resultatata står dyktige medarbeidarar.

Føretaksmøte vedtok:

Føretaksmøtet tek årleg melding frå Helse Stavanger HF til etterretning.

#### **5. Godkjenning av godtgjersle til revisor**

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 44 andre ledd godkjenne godtgjersle til revisor.

Godtgjersle til revisor for revisjon etter lova er satt til kr.500 000,-, jf. note 6 til rekneskapen.

Føretaksmøte vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner godtgjersle til ekstern revisor for ordinær revisjon for 2014 på kr. 500.000,-

## 6. Fastsetting av styregodtgjering

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 21 tredje ledd fastsetje godtgjersle til styret.

Helse- og omsorgsdepartementet har for inneverande år ikkje gjort endringar i styregodtgjeringa for Helse Vest styret. Det blir foreslått at også styregodtgjeringa til styremedlemmene i helseføretaka blir vidareført uendra.

Føretaksmøtet vedtok:


Føretaksmøtet fastset styregodtgjeringa for 2015 til:

Styreleiar	kr. 194.000,- per år
Nestleiar	kr. 134.000,- per år
Medlemmer	kr. 109.000,- per år.

Varamedlemmer får ei godtgjering tilsvarande 4 % av ordinært styrehonorar per møte.

Sjøvaanger, den 11/5 2015

  
Grethe Høiland

Sjøvaanger, den 6.5.2015  
  
Terje Vareberg